

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	16.02.2026
Vår referanse	2024/24021-13
Dykkar referanse	3e65fb19-bf48-4b7b-b2ae-21fc9e32a31c
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsfråsegn til søknad om planendring og forlenga byggjefrist for Tysso kraftverk , NVE-ref.: 201102292

Samandrag av innspel

Seksjon for kulturarv har, etter tett dialog med tiltakshavar og planleggjar, akseptert ei løysing med mellombels anleggsveg og riggområde over automatisk freda kulturminne på Ilflaten, føresett strenge vilkår. Desse omfattar mellombels tildekking, trykkfordelende tiltak, overvaking under anleggsperioden og full tilbakeføring etter avslutta arbeid. Permanent tilkomsttunell vert lagt utanom kulturminneområdet. Dispensasjon er søkt og vil bli handsama av fylkeskommunen.

Det må gjennomførast tiltak for å hindre tilførsel av suspendert materiale til vassførekomstane under anleggsdrifta.

Vi har ikkje merknad til at det vert gjeve forlenga byggjefrist.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyringa av planendring for Tysso kraftverk. Kraftverket var planlagt med ein vassveg der røyrkata var nedgraven i nedre del. Den konsesjonsgjevne traséen for røyrkata ligg i skredfarleg terreng. I staden for ei nedgraven røyrgate, blir det no søkt om å byggje tunnel og sjakt heile vegen. I konsesjonen vart det gitt løyve til å bruke kraftstasjonen til Ulvik I til Tysso kraftverk. Konsesjonæren planlegg no å byggje kraftstasjonen i fjell. Etableringa av kraftstasjonen gjer det naudsynt med ein mellombels anleggsveg med tilhøyrande riggområder og tilkomstveg over Ilflaten, som er bandlagt etter kulturminnelova.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til høyring av planendringsøknad og forlengd byggefrist datert 23.12.2025 for Tysso kraftverk i Ulvik herad. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Seksjon for kulturarv har hatt ei rekkje møter med Hardanger Energi og Cowi AS, både fysiske møter, nettmøter og felles synfaringar i felt for å kome fram til ei felles løysing for mellombels og permanent tunell til kraftstasjonsanlegg i fjell. Etter ei rekkje vurderingar for oppgradering av det eksisterande gamle kraftverket har Hardanger Energi måtta forkaste fleire forslag grunna utfordringar med fjellmassar, tilkomst, nærleik til skule m.m. Dei står att med ei løysing som inneber midlertidig anleggsveg og riggområde over kulturminneområdet på Ilflaten, Askeladden ID. 141658-1. Ilflaten høyrer til Hjelmavoll gnr. 67, bnr. 1.

I utgangspunktet var fylkeskommunen skeptisk til dette forslaget med tanke på fare for at kulturminna kunne ta skade av anleggsverksemda. Vi har gått mange rundar med tiltakshavar Hardanger Energi og planleggjar Cowi AS og komme fram til at dette kan late seg gjere med utgangspunkt i særskilte vilkår i dispensasjonssaker for tillatelse til inngrep i automatisk freda kulturminne der midlertidig tildekking av ikkje-synlege kulturminne kan vere eit alternativ.

I høve til anleggsarbeidet vil det bli sett strenge vilkår, mellom anna med krav om tidsavgrensa mellombels tildekking med duk direkte på grasmarka, bruk av ein type geonett over som spreier trykket 360 grader og som skal dekkast med eit passande lag massar med stein og asfalt på toppen. Det vil bli lagt ned trykkplater fleire stader slik at trykkmåling kan avlesast undervegs. Alt skal fjernast ned til opphavleg grasnivå og tilbakeførast når arbeidet med den tilkomstunellen er ferdigstilt. Permanent tilkomsttunell for inspeksjon vil bli ført inn mellom skulen på Skeie gnr. 69, bnr. 46 og egedom gnr. 69, bnr. 1.

Tiltakshavar har gjennom Cowi AS søkt om dispensasjon som vil bli handsama av Vestland fylkeskommune så snart som mogleg. Seksjon for kulturarv vil halde fortløpande kontakt med planleggjar og tiltakshavar framover. Riksantikvaren har og vist stor interesse for tiltaket og vi vil rapportere resultat attende til dei når den tid kjem.

Vassmiljø

Det må gjerast tiltak for å unngå tilførsel av suspendert materiale til vassførekomstane frå anleggsdrifta. Utover dette har vi ikkje avgjerande vassmiljøfaglege merknadar til tiltaket.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne – Lars Øyvind Birkenes
- Vassmiljø – Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ULVIK HERAD

Skeiesvegen 3

5730

ULVIK

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER